

Omstilling og innsparing

I nyheitsbrevet for mars informerte eg om arbeid med omstilling og innsparing.

Det er gjort eit godt og grundig arbeid i sektorar og stabsområde. Arbeidet har vore krevjande og kome i tillegg til ein travel kvardag. Eg vil rette ein stor takk til alle som har bidrege.

Arbeidet viser at Fjaler allereie driv kostnadseffektivt på fleire område. Samstundes kan vi hente ut vesentlege gevinstar gjennom organisatorisk omstilling, digitalisering og betre ressursstyring.



Samla innsparingsmål på 15 millionar kroner er mogeleg å nå i perioden fram mot 2030, mellom anna gjennom organisatorisk omstilling, digitalisering, betre ressursstyring og tiltak på inntektssida. Dei største potensiala ligg i oppvekst (skulestruktur), helse og omsorg (velferdsteknologi, redusert overtid og vikarbruk, samlokalisering), samt eigedomsskatt (på lengre sikt) og eigarskapsforvaltning.

De finn meir informasjon om rapporten og saka som var handsama i kommunestyremøte 18. juni: [Les saka på postlista til Fjaler kommune.](#)

Samfunnsdelen av kommuneplanen (den viktigaste planen vår)

Samfunnsdelen peikar ut retninga for kommunen si langsiktige utvikling og dannar grunnlag for vidare planarbeid og politiske prioriteringar.

Dette er ein plan som gjeld for alle sektorar i kommunen og er den viktigaste planen vår og vart endeleg vedteken i kommunestyret 18. juni.

Planen legg vekt på nokre utvalde satsingsområde der kommunen ønskjer å utvikle seg vidare, framfor å omtale alle tema og tenester i detalj. Trass i at ikkje alle kommunale tenester blir eksplisitt nemnde i planen, er målet å sjå utviklinga av kommunen under eitt, slik at vi også i framtida kan levere gode og samordna tenester til innbyggjarane.

Du finn planen her i Framsikt: [Kommuneplanen sin samfunnsdel](#)



Foto: S. Bringeland

Rekruttere og behalde strategi

Rekruttering og det å behalde tilsette er eit overordna mål og ei viktig satsing i 2026. Det er òg eit hovudmål i samfunnsdelen av kommuneplanen under «attraktiv arbeidsgivar og berekraftig tenesteproduksjon».

I fellesmøtet (leiarar og tillitsvalde) i mai fekk vi mange gode innspel til strategi og tiltak, som vi no sender ut på høyring. Arbeidet handlar om å skaffe rett kompetanse, sikre ein god oppstart og legge til rette for trivsel og utvikling over tid.

Skulestruktur

Kommunestyret vedtok 11.12.2025 mandat for utgreiing av skulestruktur. Mandatet tek utgangspunkt i måla for innsparingsarbeidet og omfattar vurderingar av dagens og alternative skulestrukturar. Vurderingane gjeld kvalitet, økonomi, elevprognosar, bygningsmasse og lokalsamfunn. Utgreiinga skal gi eit godt grunnlag for politisk drøfting og vidare vedtak.

Agenda Kaupang har utarbeidd rapporten «Utredning berekraftig skulestruktur i Fjaler kommune». Denne ligg til grunn for saka som kjem til handsaming i kommunestyret 20.08.2026. Saka blir deretter lagt ut på høyring i to månader. Endeleg tilråding om framtidig skulestruktur blir lagt fram etter at høyringsinnspela er vurderte, i møta i november.

Informasjon om saka finn de her: <https://www.fjaler.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/skulestruktur/>

BTI – betre tidleg innsats

BTI-koordinator hadde ein flott presentasjon av BTI-arbeidet i kommunestyret i mai. Kommunalsjef helse og omsorg oppmodar alle til å gå inn på Fjaler kommune si heimeside og sjå opptaket av presentasjonen.

Presentasjonen synleggjer det viktige og målretta arbeidet som vert gjort for barn, unge og familiar i kommunen, og korleis vi saman arbeider for å gi tidleg og koordinert støtte til dei som treng det.



Foto: J. Aven

TØRN-prosjekt i miljø- og heimetenesta


- prosjektperiode februar 2026 til juni 2027

Bakgrunn: Behovet for helse- og omsorgstenester er i kraftig vekst. For å framleis kunne yte gode og forsvarlege tenester av kompetent personell er endring nødvendig.

Status i prosjektet: Vi jobbar med oppgåvekartlegging, dvs. at vi har kartlagt alle oppgåvene dei tilsette gjer på dag, kveld og natt. Kjapp oversikt viser at ein gjer mange oppgåver som ein ikkje treng å vere helsefagleg utdanna for å gjere.

Vegen vidare:

- Jobbe vidare med oppgåvekartlegging og sette dette i system slik at ein får definert oppgåver som kan løysast av andre enn helsepersonell.
- Hausten 2026 skal fokus vere på kva kompetanse ein har i eininga og korleis heve kompetansen der det trengs.



Status så langt i 2026

Vi fekk til mykje godt arbeid i 2025, og dette har halde fram i 2026. Nokre høgdepunkt:

- Vi har identifisert eit tydeleg potensiale for omstilling og innsparing, som gir eit betre grunnlag for prioriteringar.
- Vi har god framdrift i planarbeid og har vedteke 6 av 11 sentrale planar frå planstrategien (september 2024).
- Vi har ei positiv utvikling på sentrale målingar som kommunebarometeret og kommuneindeksen samtidig som vi har klare ambisjonar vidare.
- Vi har lukka alle tilsyn innan oppvekstområdet.
- Sjukefråværet har stabilisert seg på nivå med 2025 og ligg om lag 2 prosentpoeng lågare enn landsnittet (6,5% mot 8,5% legemeldt fråværVi har hatt ein betre rekrutteringssituasjon siste året.
- Folketalet held fram med auke.



Sommarhelsing

I siste kommunestyremøte før ferien fekk tilsette i Fjaler kommune ros frå dei folkevalde. Det er både kjekt og velfortent.

Eg ynskjer dykk alle ein god og avslappande sommar!